

# Total kapitulasjon?

MM, m. 14/5.02

Av professor Magne Skodvin  
(bildet), Oslo

I. C. Stridsklev har stilt ein del spørsmål til meg (Aftenposten 6. mai) om min kronikk 27. april. Eg skal svare på det som kan vedrøre Trondheimsavtalen av 10. juni 1940. Spørsmål 1 går på Ruges instruks til dei norske forhandlarane, der det mellom anna heiter «Skal meddele at Kongen og regjeringen samt marinen og flyvåpnet har forlatt landet, og at Norge som stat er og fremdeles vil være i krig med Tyskland».

Spørsmål 1 er: «Hvilke indisier finnes på at dette faktisk er nedskrevet i juni 1940?» Svar: Det trengs ingen «indisier» når kjensgjerningane er klare. Wrede Holms nedskrift er så vidt eg veit på Forsvarsmuseet, og ordlyden er den same som i den tyske versjon i Morgenmeldung frå Gruppe XXI til Berlin den 10. juni. Den er sitert i min kronikk.

Neste spørsmål: «Hvor mange norske marinebåter og hvor mange norske fly ble med regjeringen over til England?» Svar: Så vidt eg veit alle som i det heile var i stand til det. Ei liste over skip står i verket Norges Sjøkrig; bind III. Sjå også Norges Krig, bind 1 (1947); side 454–55. Opplysningar om flyvåpnet finst mellom anna i Fredrik Meyer: Hærens og marinenes flyvåpen 1912–1945, side 152–155.



«Hvis det fantes norske marinebåter eller fly som skulle til England, hvorfor ble ikke kongen og regjeringen med en av disse, i stedet for med den engelske krysseren «Devonshire»?» Svar: For å kome trygt fram. Tyskland heldt nemleg også fram med krigen mot Norge, etter avtalen i Trondheim, og den tyske marinen slo hardt til mot dei allierte transportane.

«Hvorfor ble norske soldater som alt var kommet til utlandet, til Sverige, sendt hjem etter kapitulasjonen?» Svar: Fordi Sverige var nøytralt, og i Sverige regjerte den gong som nå, den svenske regjering og ikkje den norske.

Det neste er ikkje eit spørsmål, men ein påstand: Det nye uttrykket: «Die gesamten norwegischen Streitkräften» betyr «samtlige norske stridskrefter». Det ble ikkje gitt noen begrensning med tanke på hvor de befant seg. Her er det to tankekors. Det eine er dette: dersom dei tyske forhandlarane framleis tok sikte på ein total kapitulasjon, kvifor tok dei då ut den tradisjonelle, velkjende, altomfattande formulering som nettopp betyr dette? I staden kom det inn ei lett tilsørande, men meir realistisk ordlegging.

Innhaldet kjem meir fullstendig, og meir opplyssande, fram i det tyske sluttkommuniké etter felttoget i Norge, datert Führerhauptquartier 12.6. 1940: «... Die gesamten, noch vorhandenen norwegischen Streitkräften legten die Waffen nieder». Dette er også sitert i kronikken. Så får ein ta opp til vurdering om Falkenhorsts folk hadde dei norske styrkar «vorhanden», som var på havet eller på alliert område, og om tyske forhandlarar kunne sitje i Trondheim og diktere totale kapitulasjonar til dei.

General Ruge, skriv Stridsklev, «oppfordret norske offiserer til å avlegge æresord på at de ikke under nåværende krig skulle gripe til våpen mot Tyskland igjen». Dette stemmer ikkje. Offiserar sørpå hadde gitt æresord etter kvart som dei fem divisjonane der kapitulerte. Ruge for sin del protesterte, viste til si embetsplikt overfor konge og regjering, og ynskte spørsmålet lagt fram for Høgsterett. Tyskarane avviste dette. Ruge gav aldri æresord.

Stridsklev synest meine at Administrasjonsrådet kan kritisere rast for at det 6. august 1940 «gikk med på Terbovens krav om en fullstendig oppløsning av den norske forsvarsmakt». Dette er ei såpass urealistisk framstilling av maktfordelinga i det okkuperte Norge at det knapt kan brukast i ei vurdering av Trondheimsavtalen.